

VEDLEGG TIL POLITISK SAK « FORSLAG TIL NYE SKULENAMN» FYLKESTINGET
OKTOBER 2017



**Hordaland Fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
PB 7900
5020 BERGEN**

E-POST: opplaering@hfk.no

Øystese 31. mai 2017

Namneforslag til vidaregåande skule i Kvam.

Det har versert 2 geografiske namn aktuelle for denne skulen: Kvam vgs og Hardanger vgs. Skulen skal liggja i regionsenteret Norheimsund og elevane kjem i det alt vesentlege frå Kvam, Jondal og Samnanger. Eit geografisk namn bør avspeglia det området skulen er meint å dekka. Hardanger vgs vil femna for vidt og Kvam vgs er for snevert.

Fleire vidaregåande skular i Bergen har no fått namn etter store kunstnarar og det kan vera ei god løysing også for Kvam vgs. Kvam Næringsråd vil med dette som bakgrunn føreslå **Geirr Tveitt vgs** som namn på den nye skulen i Kvam.

Geirr Tveitt sitt namn er uløyseleg knytt til Kvam og Hardanger. Både nasjonalt og internasjonalt har musikken hans stigande popularitet. Ikkje berre for store klassiske verk, men også for å ha tonesett mange vakre dikt og teikna ned eit hundretals folketonar frå Hardanger.

Med helsing

Jahn Brattli Tolo
Styreleiar i Kvam Næringsråd

Fra: Asbjørg Hesjedal [<mailto:asbjorg.hesjedal@gmail.com>]

Sendt: 10. juni 2017 17:47

Til: Opplæringsavdelinga - Postmottak

Emne: Forslag til nytt skulenamn.

Som tidlegare rektor ved Garnes vidaregåande skule tillet meg å koma med innspel til namn på dei samanslårte skulane Garnes vidaregåande skule og Arna vidaregåande skule.

Reint geografisk ligg begge skulane på Garnes. Difor er det naturleg at den samanslårte skulen skal ha namnet **Garnes vidaregåande skule**.

Både tidlegare Arna gymnas og Garnes vidaregåande skule har postnummer 5264 Garnes, medan Arna vidaregåande skule har postnummer 5260 Indre Arna.

Arna vidaregåande skule har adresse Vestlivegen 43. Eg veit at Vestlivegen har postnummer 5260 og 5264. Skiljet av postnummer går anten ved nr. 45 eller 47.

Med helsing

Asbjørg Hesjedal

Fra: Ingrid Hovstad [<mailto:ingridhovstad@hotmail.com>]

Sendt: 9. juni 2017 09:37

Til: Opplæringsavdelinga - Postmottak

Emne: Høyring: Nye namn på vidaregåandeskular i Hordaland

Flotte namn, men også Tertnes vgs. bør få endinga "vidaregåande skule", i staden for dykker framlegg om "videregående skole".

-Ingrid Hovstad

Hordaland Mållag
Kong Oscars gate 15
5017 Bergen
hordaland@maallag.no

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen
opplaering@hfk.no

Bergen, 15. juni 2017

Høyringsfråsegn frå Hordaland Mållag om nye namn på vidaregåande skular i Hordaland fylkeskommune

Eit framlegg frå Hordaland fylkeskommune om nye namn på tre fylkeskommunale vidaregåande skular (etter samanslåing av seks skular), har vore på høyring i vår. Framlegget vart mellom anna kungjort i «Nye namn på vidaregåande skular i Hordaland»; ei lysing som stod i Bergens Tidende 21. april. Høyringsfristen er sett til 16. juni.

Med dette sender Hordaland Mållag høyringsfråsegna si.

Me viser først til at Hordaland fylkesting 7. mars «vedtok nye rutinar for namnsetjing», og at det er «stadnamn som er førande for namnsetjing av skular i Hordaland». Framlegget frå fylkeskommunen inneheld desse tre namna: Arna *vidaregåande skule*, Kvam *vidaregåande skule* og Tertnes *videregående skole* (uthevingane våre).

Sjølve særnamnet på dei tre skulane det er tale om her – Arna, Kvam og Tertnes – har me ingen kommentarar til. Derimot meiner me at nemninga *vidaregåande skule* høyrer med til særnamnet på alle dei tre skulane, slik at Tertnes òg får nemninga *vidaregåande skule*, til liks med skulane Arna og Kvam.

Grunnen er at Hordaland fylkeskommune har nynorsk som administrasjonsmål. Å bruka nynorske nemningar på dei fylkeskommunale vidaregåande skulane (*vidaregåande skule* i staden for *videregående skole*), er i tråd med at fylkeskommunen har nynorsk som administrasjonsmål. Å bruka bokmålsnemninga *videregående skole* er ikkje i tråd med det.

At Bergen kommune har status som språknøytral kommune og Hordaland fylkeskommune status som nynorsk fylkeskommune, gjev fylkeskommunen endå større rett til å nytta nynorsk som administrasjonsmål ved dei vidaregåande skulane sine i Bergen. Den bergenske språknøytraliteten inneber jo nettopp *ikke* at nynorskbrukande offentlege organ som Hordaland fylkekommune må bruka bokmål ved dei institusjonane sine som ligg i Bergen. Den bergenske språknøytraliteten inneber for Bergen at nynorsk er like brukande som bokmål.

Dessutan er dei fylkeskommunale skulane i Bergen – etter det me veit – til for alle personar som har rett til å søkja vidaregåande opplæring i Hordaland. Alle som har denne retten, kan søkja seg plass ved den fylkeskommunale skulen dei ynskjer seg. Difor er dei

fylkeskommunale skulane opne for elevar frå heile fylket. Det gjeld òg Tertnes, som mellom anna har opplæringsstilbod for unge toppidrettsutøvarar.

På denne bakgrunnen meiner Hordaland Mållag at Hordaland fylkeskommune må nytta *vidaregåande skule* som nemning om den vidaregåande skulen på Tertnes i Bergen kommune, og dimed ha skilt med den nemninga – på og ved skulen – og bruka *vidaregåande skule* i tekstanane om skulen, mellom anna på heimesidene for Tertnes vidaregåande skule. Det er det som er i tråd med vedtaket om at fylkeskommunen skal administrera seg sjølv på nynorsk.

Me oppmodar Hordaland fylkeskommune til å poengtera offentleg (til dømes i brev til Bergen kommune) at språknøytraliteten i Bergen ikkje kan overprøva ikkje-språknøytrale Hordaland fylkeskommune. Fylkeskommunen er just *ikkje* språknøytral, for fylkeskommunen har valt å administrera seg på nynorsk. Det er Bergen kommune som er språknøytral. Desse samanhengane har som konsekvens at den administrative målbruken ved dei fylkeskommunale vidaregåande skulane i Bergen, må vera på nynorsk, og nettopp ikkje på bokmål. Dette gjeld òg Tertnes vidaregåande skule.

Venleg helsing
Erlend Bakke,
for styret i Hordaland Mållag

Fra: Ingebjørg Bakke
Sendt: 13. juni 2017 10:53

Til: Opplæringsavdelinga - Postmottak

Emne: Namn

Hei!

Vi viser til tidlegare høyringsutspel frå Øystese gymnas og Norheimsund vgs, der vi gjorde framlegg på

HARDANGER VIDAREGÅANDE SKULE.

Begge skulane står framleis samla bak dette framleggget.

Med venleg helsing

Ingebjørg Bakke

Rektor



ØYSTESE GYMNAS
HORDALAND FYLKESKOMMUNE



NORHEIMSUND VIDAREGÅANDE SKULE
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Telf. 93915664/98680516

Epost: <mailto:ingebjorg.bakke@hfk.no>

Hei!

I møte i prosjektgruppe skolebruksplanen ble jeg gjort oppmerksom på at det har vært høring angående navn på den nye skolen med arbeidsnavn Tertnes videregående skole.

Det har vært klubbmøte i denne saken ved U. Pihl vgs.

Det pågår en navnesak på den nye skolen (Tertnes/U. Pihl).

Lærerne ved U. Pihl vgs er opptatt av å ikke bli oppfattet som en mindreverdig del av samlokaliseringen.

Hertil kommer at det nye bygget til Tertnes vgs. og U. Pihl vgs. ligger på den gamle gårdsgrunnen til Åstveit gård. De mener derfor at det eneste naturlige er at den samlokaliserte skolen blir hetende Åstveit vgs fra 1.8.2018

Årsaken til at dette kommer sent er at jeg ikke var oppmerksom nok på høringsfristen.

Vennlig hilsen
Rune Stadsnes
Hovedtillitsvalgt
Utdanningsforbundet

Bergen, 18. august 2017

Guro Kjellerød, Hordaland fylkeskommune

Namn på tre vidaregåande skular i Hordaland. Nokre merknader.

Eg lyt først understreka at sia me i Stadnamntenesta på Vestlandet ikkje fekk orientering om denne saka før i går og sia me er bedne om å komma med eventuelle kommentarar alt no i føremiddag, har me ikkje hatt høve til å ta saka opp i noko møte.

Nokre merknader til namna som er føreslegne av fylkeskommunen

Ein generell merknad: Alle stadnamnformene som er aktualiserte i saka, må reknast som udiskutable. (Primæroppgåva til Stadnamntenesta er å gi råd om korleis norskspråklege stadnamn skal skrivast i offentleg samanheng.)

1. Arna vidaregåande skule

Det alternative namnet, Garnes vidaregåande skule, verkar mindre tilrådeleg. Me skjørnar det slik at skulen i framtida vil bli lokalisert til ein sentral stad i bydelen og bygda Arna, mest sannsynleg til Seimsmyrane.

2. Hardanger vidaregåande skule (med framtidig plassering i Norheimsund)

Sia det ligg ein vidaregåande skule òg i Odda, som då er ein viktig del av Hardanger, bør fylkeskommunen halda fast på det opphavlege framleggset om å gi skulen namnet Kvam vidaregåande skule. (Jamfør med det at Språkrådet har sterkt frårådd at regionnamn blir nytta som kommunenamn så lenge det innanfor regiongrensene finst ein eller fleire andre kommunar.)

3. Tertnes videregående skole (med plassering på garden Åstveit) (utvida skule etter nedlegging av U. Pihl vgs.)

Stadnamntenesta har i ei tidlegare fråsegn til fylkeskommunen argumentert for at skulen på Åstveit bør få namn etter gardsnamnet.

Helsing frå Kjell Erik Steinbru (rådgjevar og sekretær i Stadnamntenesta på Vestlandet)

Til Opplæringsavdelinga

Jeg ber om at alle aktuelle instanser blir informert om det offisielle navnet på plassen foran U. Pihl videregående skole. Dette er særlig viktig nå som det skal bygges nytt skolebygg her. Som dere vil se av saksdokumentene, er det ingen hindringer for at Ulrikke Pihls plass blir postadressen til den nye skolen.

Sakens dokumenter er vedlagt i pdf-format.

Vennlig hilsen

Henning Østensen, rektor
U. Pihl videregående skole
Tlf. 55 25 42 01 mobil: 958 86 700



Teknisk utbygging

06 ÅSANE
Bydelsadministrasjonen
Åsane senter 38

Bergen, 21.12.94

5095 ULSET

Ark. nr.: MÅL 94-0116
SK/-

201-12
RICO

Navn på plass ved Ulrikke Pihls skole, i Åsane

Saken oversendes for videre behandling i bydelsutvalget.

Navneutvalget behandlet saken i møte 6.09.94, under sak 61/94.

Det ble fattet følgende vedtak (enstemmig):

Navneutvalget vil foreslå at Ulrikke Pihl blir hedret ved at plassen som er vist på vedlagte kartbilag i målestokk 1:1000 får navnet Ulrikke Pihls plass.

Da Navneutvalget tok sitt initiativ var dette i utgangspunktet teknisk som et navn på en på en plass under fylkeskommunens forvaltning og derfor med fylkeskommunen som vedtaksmyndighet. Under sakens gang har U. Pihls skole fremmet ønske om at plassnavnet også måtte bli adresse for skolen. Adressemøyndigheten har vurdert dette og funnet at ønsket rent adresseteknisk bør kunne etterkommes.

Siden navnesaken er blitt et spørsmål om å fastsette et kommunalt adresenavn, er det bydelsutvalget som foretar det formelle nævnevædetaket.

Vedlagt Navneutvalgets behandling følger positive uttalelser fra Fylkesskolesjefen i Hordaland og U. Pihls skole.

Med vennlig hilsen
OPPMÅLINGSSJEKSJONEN
Stein Kroknrydal


1

Vbrevsak6194.br2\sk

Kommunalavdeling teknisk utbygging • Oppmålingsseksjonen • Bergen Rådhus
Postboks 805, 5002 Bergen • Telefon 55 56 62 60 • Telefax 55 56 62 92

NAVNEUTRALGE! SAKS

M=1:1000



Administrasjonen har orientert rektor ved skolen om det initiativet som Navneutvalget vise, og har ikke møtt noen motforestillinger.

Forslag til vedtak:

Navneutvalget vil foreslå at Ulrikke Pihl blir hedret ved at plassen som er vist på vedlagte kartbilag i målestokk 1:1000 får navnet

Ulrikke Pihs plass.

KOMMUNALAVDELING TEKNISK UTRYGGING, den 30.08.1994

Ove Røslund

Stein Krokmyrdal

Behandling 6.09.94:

Sak 61/94 Navn på plass ved Ulrikke Pihs skole, i Åsane

Vedtak (enstemmig):

Navneutvalget vil foreslå at Ulrikke Pihl blir hedret ved at plassen som er vist på vedlagte kartbilag i målestokk 1:1000 får navnet

Ulrikke Pihs plass.

FYLKESKOLESEJFEN

Bergen kommune
Teknisk utbygging
Oppmålingsseksjonen
Postboks 805
5002 Bergen

KOMMUNALAVDELING
TEKNISK UTBYGGING
Oppmålingsseksjonen
16 NOV 1994 (1)
Arkiv: 0114
Saksbehandlet: S. KROKMYRDAL

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Utdanningsetaten
Fylkesskolesjefen
Telefon 55 23 92 33
Telefax 55 23 92 39

Jur. 193

Arkiv nr. 02

Dykkar ref.


PH/

Bergen, 11. november 1994

NAVN PÅ PLESS VED U. PIHLS SKOLE

Vi viser til skriv dagsett 27 september 1994 frå Dykk.

Vedlagt oversender vi uttale frå U. Pihs skole dagsett 3 november 1994. Fylkesskolesjefen ser og svært positivt på framlegget om å gi plassen foran U. Pihs skole navnet Ulrikke Pihs plass.


Gunnar Dale


Per Haukel

Vedlegg: Skriv frå U. Pihs skole



U. PIHLS SKOLE

Telefon SS 19 41 00

Telefax 55 19 41 08

Ásane Sestavci 57

5095 Ulrich

Uiset 3.11.94

Fylkesskolesjefen i Hordaland
5020 BERGEN

U.S. AIR FORCE
AIRCRAFT
04 NOV. 1994

Q.2
P46

NAVN PÅ PŁASS VED U.PIHL'S SKOLE

Skolen har motteke melding om at Bergen kommune ønsker å hedra Ulrikke Pihs minne ved å namngje ein plass etter henne. Skolen synest det er hyggeleg, og ser det som fint om adressa vår i neste omgang kunne bli Ulrikke Pihs plass nr. 1 (i staden for den noverande "Åsane senter veien 52" - som ikkje er særleg inspirerende)

Med helsing

Oddveig Sørensen
Oddveig Sørensen
Rektor

Olaug Mollatveit
Olaug Mollatveit
Leiar av skoleutvalet